
Saksnr: 2021/18995-1
Saksbehandlar: Karl Viken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.05.2021
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021
Hovudutval for næring		25.05.2021

Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 2/21- hovudutvalshandsaming

Forslag til uttale

Hovudutvalet viser til vedlagt arbeidsdokument nr. 2/21 som kjem til handsaming i finansutvalet sitt møte 1. juni.

Hovudutvalet har følgjande innspel til arbeidsdokumentet nr. 2/21:

Samandrag

Fylkestinget skal vedta økonomiplan 2022- 2025 i juni. Økonomiplanen gjev drifts- og investeringsrammene for 2022. Før økonomiplanen skal handsamast av finansutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget vert hovudutvala bedne om å kome med innspel.

Det er særskilt tre moment i vedlagt arbeidsdokument nr. 2/21 som kan vere mest sentrale for handsaminga i hovudutvala. Det er presenterte driftsrammer på sektornivå, investeringsrammene og søknadane om midlar som kjem utanom dei etablerte søknadsordningane. Sistnemnde søknadar er tekne med i arbeidsdokumentet som er til handsaming i det hovudutvalet som kan gje uttale.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Det vert vist til arbeidsdokument 2/21 som er vedlagt.

Ein viktig del av budsjettprosessen er involvering av hovudutvala. For denne runden av budsjettprosessen har hovudutvala høve til å gje sine signal gjennom ein uttale. Det kan vere særskilt aktuelt for;

- Driftsrammer
- Investeringsrammer
- Søknadar utanom etablerte ordningar (Hovudutval for næring og Hovudutval for opplæring og kompetanse)

Uttalane vert del av saksgrunnlaget i den vidare handsaminga av økonomiplan med budsjetttrammer fram til fylkestinget sitt vedtak i juni.

I neste runde av budsjettprosessen med møte i finansutvalet i september vert hovudutvala også sentrale. Hovudutvala får då til handsaming sektorane sine framlegg til inndeling av sektorrammene som fylkestinget har vedteke. I dette ligg talfesting av dei ulike løyvningsnivåa innanfor kvar sektor, og framlegg til tiltak dersom det er naudsynt for å halde budsjetttramma. Fylkesdirektørar for sektorar utan eige hovudutval fremmer sine budsjettframlegg direkte i finansutvalet.

Søknadar utanom etablerte ordningar

Dette arbeidsdokumentet omhandlar også søknadar som er komne utanom dei etablerte søknadsordningane. Hovudutvalet kan gje uttale om innkomne søknadar som har framtidige behov skal prioriterast innanfor sektoren si budsjetttramme. Deretter i del 4 av dette arbeidsdokumentet kan finansutvalet slutte seg til handsaminga og uttalane frå hovudutvalet eller ikkje. Det vert skilt mellom søknadar av eingongskaraktar og søknadar av framtidig karakter. Søknadar som inneber løyving i 2021 vert del av handsaminga av overskotet i rekneskapssak for resultatet i 2020, og desse søknadane er ikkje med i denne saka. Aktuelle søknadar er vedlagt.